

Valkort

Alle veljarar får tilsendt valkort i posten innan utgangen av juli mnd.

Valkortet blir utarbeida på grunnlag av opplysningane i folkeregisteret om bustadadressa til veljarane per 30. juni i valåret. Det er altså denne adressa som avgjer kva for kommune du har stemmerett i.

På valkortet finn du informasjon om opningstid og kva for vallokale du skal bruke på valdagen.

Du kan førehandsstemme i alle kommunane i landet. Stemma di blir då sendt til din heimkommune.

Det er fint om du tar valkortet med deg når du skal stemme.

Det er ikkje nødvendig å ha med seg valkortet for å stemme, men det forenkler arbeidet for valfunksjonærane dersom du tar det med. Det går derfor raskare for deg å stemme dersom du har med deg valkortet. Har du ikkje mottatt valkortet i posten eller har mista det, kan du altså møte opp i vallokalet likevel for å stemme.

Hugs legitimasjon! Vallova krev at ein veljar som er ukjend for stemmemottakar skal legitimere seg. Døme på legitimasjon er pass, førarkort og bankkort med bilete, men du kan også bruke annan type legitimasjon. Kravet er at den inneheld namnet til veljaren, fødselsdato og bilete.

Valkortet gjeld *ikkje* som legitimasjon.